God framdrift på kraftutbygginga i Uskedalen

06.03.2016

Harald Rekevik og Jarle Log går dagskifte denne veka

Uskedalen.no fekk i dag vera med på anleggsplassen på Haugland for å få informasjon og ei innføring i arbeidet med Tverrelva Kraftverk AS. Det er firmaet NORHARD frå Sirdal som har arbeidet med boring og foring på den 680 meter lange tunnelen frå innslaget i Hauglandslia til dammen ved Mannsvatn.

Instrumenta syner m.a. hastighet på boringa, motorkraft, vassmengde, ramlast (kor mange tonn trykk det er på sjølve borekruna)

NORHARD med 30 tilsette har spesialisert seg på kraftutbygging. Selskapet er nett ferdig med eit større oppdrag i Alta. For tida er dei engasjerte i Eikelandsosen og i Uskedalen. Nye oppdrag kjem til. Firmaet har eigne maskinar som dei konstruerer og lagar sjølve. Det er fire mann i arbeid i Uskedalen. Dei går to skift, to på dag og to på natt. Drifta går kontinuerleg heile døgeret. På dagskifte møter vi Harald Rekevik, formann, og Jarle Log. Lars E. Liland og Marius Horn har nattskiftet. Arbeidstida er to veker på og to veker fri. Dønhaug Gjestegard er basen, her ein bur og kviler mellom øktene.

Boringa har ei framdrift på vel 1 meter i timen. Til no har ein bora om lag 300 meter der ein starta med 14 grader helling og skal avslutta med 30 grader. Boringa har ein diameter på 74 cm. Når foringa er på plass med stålrøyr, er den faktiske diameteren på innvendig røyr 69 cm. Teknologien med å bora i svingar er kjend frå Nordsjøen. Dette medfører at det skal store krefter til når foringa skal på plass. Bergarten er gneis med parti av sandstein. Massane vert køyrde ned til Haugland og skal brukast som underlag i tomta til sjølve kraftstasjonen. Innslaget ligg på 230 meter over havet. Frå innslaget til stasjonen på kote 35 skal vatnet gå i nedgreven røyr.

Uskedalen.no vil koma tilbake med meir stoff om kraftutbygginga i Tverrelva, med mellom anna informasjon om dei 18 grunneigarane på Kjærland og Haugland som har inngått avtale med SKL om utbygging og drift.

Tunnelmassane vert lagra ved tomta til sjølve kraftstasjonen

Tekst/foto: Kristian Bringedal
Nett: Thor Inge Døssland